



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 18.02.2016
Vår ref.: 2015/6840-10
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 15/1419-15/22172

Kulturminnefagleg fråsegn – søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet – Meland kommune

Viser til brev datert 04.01.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Det er i samband med søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel utarbeidd konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet. Kulturminne er tatt med under punkt 3.3 Kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensutgreiinga er ryddig og har fanga opp alle kjende kulturminne på land i utgreiinga. Vi saknar likevel ei vurdering av potensial for funn av automatisk freda kulturminne i sjøen.

Då planområdet omfattar areal i sjø har vi lagt saka fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Bergens Sjøfartsmuseum har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Sjøfartsmuseet har difor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavaren er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.